

# ÅRSRAPPORT

## Fjordane Friluftsråd for 2022



Frukost under friluftsskulane i sommarkledde Selje.

### **Innleiing**

Fjordane Friluftsråd består av kommunane; Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn.

## Styret

Styret var i 2022 samansett slik :

Leiar: Arlene O.Vågene  
Nestleiar; Elisabeth B.Hatlenes  
Styremedlemer: Nils Chr. Bjørgo  
Linda Ness Rotihaug  
Terese Gjerde  
Siri Sandvik  
Jon Olav Kvamme

Varamedlemer: Jan Henrik Nygård  
Erlend Lambrechts Trovåg  
Alice Hestad Vie  
Bjarte Myklebust  
Geir Årvik  
Sonja Servan

## Styremøter

Det har vore avhelde 3 styremøter og blitt handsama 19 saker.

## Medlemmer

Fjordane Friluftsråd har 6 kommunar med ca 42 600 innbyggere.

## Årsmøte og generalforsamling

Årsmøte helde den 21.06.

## Aktivitet

- **STRANDRYDDING**
- **Rydd Sogn og Fjordane**
- **Skuleturne for havet**

Det har i kommunane Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn vore gjennomført betydeleg strandrydding v.h.a tildelte midlar frå Miljødir.

Gjennom prosjektet vårt *Rydd Sogn og Fjordane* i året 2022 har vi arrangert og støtta arrangering av ryddeaksjonar med 4646 frivillige, derav 1841 elevar fordelt på 20 skular gjennom *Skuleturne for havet*. Dette har resultert i nærare 50 tonn avfall fjerna frå 250 000 m strandlinje. FF har bidratt til å bevisstgjere og engasjere lokalbefolkninga ved promotering på våre sosiale medier, samt å vere synlege i lokale og regionale media. Vi har og bidratt solid inn i det nasjonale arbeidet med strukturering og felles løysingar knytt til marin forsøpling. Gjennom aktørar som HNR med arenaen KOSAM og overfor SOMM og Rydde.





- **Rydd Norge Vestland, Solund, Askvoll og Stad**

RNV prosjektet finansiert av Handelens Miljøfond, har rydda den ytre kystline av Stad, Askvoll og Solund kommune. Sidan januar 2022 vart det rydda 65,2 tonn marint avfall og 552 km kystline

Dette betyr at det gjennom dei 2 prosjekta Rydd Sogn og Fjordane og RNV prosjektet er blitt rydda ca 115 tonn (*mot 82 t i 2021*) og 802 km (*517 km i 2021*) strandline.

- **Administrasjon og tilsette**

Frå 01.06 hadde vi 10 stillingar som samla gjennom året utgjorde ca 9 årsverk. Fordelt slik;

1 stilling som dagleg leiar,

1 stilling som leiar for Skjergardstenesta,

1 prosjektkoordinatorstilling Rydd Sogn og Fjordane

1 stilling «Skuleturne for havet»

1 stilling som friluftsrådgjevar

4 stillingar som profesjonell strandryddarbeider gjennom HMF,

1 stilling som økonomimedarbeider

I Mange ulike oppdrag for Skjergardstenestenesta dette året.

## HMS

Ikkje personskadar i 2022, men ein del sjukemelding gjennom året. Det er gjennomføre tein HMS samling med førstehjelp og sjøredning som tema i Solund. Vi er tilknytta Grønn Jobb Bedriftshelseteneste.

- **Friluftsrådgjevar**

Anna Kobbeltvedt starta som friluftsrådgjevar frå 20.04.22. Ho har lagt eit hektisk år bak seg med organisering og deltaking på 10 friluftsskular i kommunane Bremanger, Kinn, Solund, Stad og Stryn. Totalt var det 137 born og unge som deltok på Friluftsskulane sommaren 2022. Både før og etter sommaren vart prosjektet «Turrydding» gjennomført, det var totalt 6 aktivitetstiltak (1 i kvar kommune). Dette er eit tiltak som samanfattar Fjordane Friluftsråd sine hovudområder, nemleg friluftsliv og strandrydding.

Etter sommaren starta samarbeidet med Solund kommune kring Friluftslivets Ferdelsårer-prosjektet opp. Her har Friluftsrådgevar vore med å kartlegge og digitalisere alle typar ferdelsåder, inkludert på sjø/vatn. Dette er eit resultat av innvilga søknad til prosjektet Ro- og padleruter Vestland på 300.000kr. No deltek alle medlemskommunane våre i Ro- og padleruteprosjektet, og nokre gjer det parallelt med Friluftslivets Ferdelsårer.

For utanom det er Friluftsrådgevaren innom prosjekt knytt til Refvika, Håsteinen Parkering, oppstart av Friluftsliv og strandrydding som sosial arena (her vart det innvilga 700.000kr) og delaktig i innhenting av båtvrak og gjennomføring av strandryddeseglas med folkehøgskular.



- **Arbeidsbåtar**

*Fjordtrygg* var utleid til Rydd Sogn og Fjordane prosjektet fra april t.o.m August, og gav inntekter til drift og vedlikehald av båten. Båten vart så tatt i Soplund for oppgradering. I november starta eit omfattande arbeid for å klaregjere den til oppdrag for RNV sitt 2.ryddelag frå mars 2023. Ny dieselvarmer, ekstra seter inni, ny kartplotter tilkopl AIS, flåte og sikkerhetsstyr, baugthruster skal monterast.

*Sjøtrygg* – ein 24 fot Arronet innleigd til RNV prosjektet har vore i full drift heile året og servicert på vanleg måte. Eindel mindre naudsynte oppgraderinger i forhold til sertifisering.

- **Skjærgårdsteneste**

Skjærgårdstjenesten har i 2022 vært ute på ca.110 oppdrag finansiert av Miljødirektoratet Handelens Miljøfond, MAFO og en privat Sponsor.

Det er hentet inn 39 båtvrak med kjent eier og 24 herreløse båtvrak og større gjenstander. Resten har vært depotinnhenting, person, dyr og utstyrstransport.

Vi har ca 30 herrekjente båter og ca20 herreløse båter/store gjenstander på listen som vi ikke rakk å hente i 2022. Skjærgårdstjenesten har i år hatt oppdrag innenfor alle medlemskommunene.

Skjærgårdstjenesten har også vært på oppdrag for Statens naturoppsyn (SNO) med depotinnhenting og Statsforvalteren med fugletelling.

Slutten av 2022 har båten vår Arlene ligget på Solund verft for påmontering av ny kran, 5 års kontroll samt gjennomgang av skrog og maskiner.





Levering av traktor m.m til ein hytteeigar.

- **Forvaltningsplanar**

Skjærgårdstjenesten har også jobbet med en 5 års forvaltningsplan for det Statligeiet friluftsområdet, Refvika i Kinn kommune. Denne er klar for å sendes inn innen 01.02.23 straks den er politisk forankret.

Det er også starta arbeid med ein 5 års forvaltningsplan for Tvibyrgget i Askvoll kommune. Her er det en stor og revende prosess, da det er mange hensyn å ta i forhold til faunaen og det store mangfoldet der. Det er også en stor bygningsmasse der som trenger kyndig opprustning. Målet er å få en forvaltningsplan på plass innen 2024.

- **Opplæring/studieturar**

Shetland Arlene og Bjarte  
 Stavanger – Lasse og Bjarte  
 STCW kurs Bergen, Lasse  
 Landskonferanse Bodø, Anna  
 Dialogkonferanse Voss, Anna  
 Ansattesamling Molde, Bjarte, Lasse, Anna

- **Corona og handtering**

Covid-19 har påverka negativ påmelding til friluftsskulane, og gjort at vi måtte begrense aksjonsverksemd knytta til strandrydding til folkehøgskular som var å rekne som ein cohort. Noko heimekontor, men stort sett møte på kontor.

- **Økonomi førebelse tal.**

Inntekter/omsetning har gått opp ca kr. 603.521,- frå kr. 17.816.717,- i 2021 til kr.18.420.238,- i 2022 og gir eit samla overskot alle tenestoområder på kr **2.380.234,-**. Overskot blir flytta til reg.fond sjå tabell under. Friluftsrådet sitt overskot er på kr.**953.538,-** og inneheld avsetning frå privat gjevar på kr.250.000,- til Skjergardstenesta for 2022/23.

Det reelle overskotet blir då kr.**553.538,-** + kr.**150.000,-** (kontingent Solund sin andel) som går inn på reg.fond og styrkar dette til kr. **703.538,-**. Årsaka til overskotet er eit mindreforbruk i løn til administrasjon og ekstrahjelp på ca kr.500.000,-. Vi hadde ikkje tilsett økonomimedarbeider før rundt 01.06. Det vart i tillegg meir admin inntekter p.g.a arbeidet med bl.a prosjektutviding Rydd Norge Vestland samt utleige av Fjordtrygg til andre prosjekt.

Resultat drift av Friluftsliv og folkehelse er kr.**13.425,-**. Dette skuldast meir utstrakt kjøp av tenester frå andre enn budsjettert og eit mindreforbruk på reise.

Resultat av drift av Skjergardsteneste på kr.**668.088,-** skuldast i stor grad inntjening på ikkje budsjetterte prosjekt for året ang. innhenting av båtvrak både eigde og herrelause samt ekstra kjøp på innhenting av strandryddedepot. Det er spart mykje på budsjetterte lønsugifter til ekstramannskap. På drivstoff var det overbudsjettert og her var innsparingar på kr.170.000,- samt arbeidsgiveravgift på kr.150.000,-.

Resultat av drift på Rydd Sogn og Fjordane prosjektet (kr.**798.808,-** med tildelingar frå Miljødirektoratet blir overført til drift av prosjektet som går ut mars 2023 .Overskotet inneheld ubrukt løyving samt midlar til drift av prosjektet Skuleturne for havet. Det er søkt om nye midlar til vidareføring av Rydd Sogn og Fjordane prosjektet for 1 år.

Rydd Norge Vestland prosjektet hadde eit lite underskot på kr.76.532,- som er redusert til kr. 53.623,- etter bruk av reg.fond frå 2021. Dette prosjektet tildelt av Handelens Miljøfond vert fakturert etter faktisk forbruk og var i 2022 styrt og brukt innanfor tildelt budsjett på **4.108.491,-** eks mva. Her ligg det godkjente løyvingar for 2023.

Forklaring til balanse og akkumulert årsresultat, sjå tabell under.

Det var i 2021 eit akkumulert overskot alle tenester på kr. 3.582.339,-.

Deler av dette skulle dekke drift ut mars 2022 på strandrydding og friluftsliv. Rest av dette resultat på kr.1.305.519,- på reg.fond. Det akkumulerte årsresultatet for 2022 vart kr.4.482.616,- som inkluderer fond fra 2021. Fra dette skal det brukast kr.876.628,- til å dekke Rydd Sogn og Fjordane prosjektet ut mars 2023, samt kr.250.000,- til prosjekt Skjergardstenesta. Dette betyr at det akkumulerte årsresultat med overskot frå 2021 og 2022 på reg. fond for 2023, gir ein likviditet på **kr.3.355.988,-**.

<b>Resultat alle tenester FF 2022</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Til avsetning</b>	<b>Fond</b>
<i>Fjordane Friluftsråd 36005</i>	2 774 591	-3 728 126	-953 535	- 953 535
<i>Friluftsliv og folkehelse 36007</i>	1 499 610	-1 513 036	-13 426	-13 426
<i>*Rydd Sogn og Fjordane 36010</i>	5 006 738	-5 805 546	-798 808	-798 808
<i>Skjergardstenesta 36011</i>	2 303 304	-2 971 392	-668 088	-668 088
<i>Rydd Norge Vestland 36015</i>	4 478 570	-4 402 038	53 623	53 623
<b>Samla resultat</b>	<b>16 062 813</b>	<b>-18 420 138</b>	<b>-2 380 234</b>	<b>-2 380 234</b>

		<b>BALANSE</b>			
<b>Konto:</b>	<b>251080700 Bundne driftsfond</b>	<b>31/12 2022</b>	<b>31/12 2021</b>	<b>Endring</b>	<b>Kommentar</b>
7500	FFR - Akkumulert årsresultat	-2 009 055	-1 305 519	703 535	Saldering mindreforbruk
7501	FFR - Reg.fond Strandrydding (36010)	-876 628	-1 158 369	-281 741	Periodisering 2021-2023
7502	FFR - Reg.fond Skjergardsteneste (36011)	-1 386 900	-718 812	668 088	Saldering mindreforbruk
7503	FFR - Reg.fond Rydd Vestland (36015)	53 623	-22 909	-76 532	Saldering meirforbruk
7504	FFR - Rydding av botn og hamner	0	-187 500	-187 500	Til friluft og folkehelse
7511	FFR - Friluftsskular Solund	-46	-37 846	-37 800	
7512	FFR - Friluftsskular Bremanger	-46	-37 846	-37 800	
7513	FFR - Friluftsskular Kinn	-46	-37 846	-37 800	
7514	FFR - Friluftsskular Stad	-46	-37 846	-37 800	
7515	FFR - Friluftsskular Stryn	-46	-37 846	-37 800	
7516	FFR - Gåve Skjergardsteneste	-250 000	0	250 000	Frå Skjergardsteneste
7517	FFR - Reg.fond Friluft og folkehelse	-13 426	0	13 426	Saldering mindreforbruk
<b>Sum konto:Bundne driftsfond</b>		<b>-4 482 616</b>	<b>-3 582 339</b>	<b>900 278</b>	

Bjarte Engevik  
 -dagleg leiar-